

Vaksinasjonsprogram for vaksne i Kvinnherad hausten 2025

1. juni 2025 blei det innført eit nasjonalt vaksinasjonsprogram for vaksne. Programmet omfattar personar frå og med det året dei fyller 65 år, samt yngre personar som er i risikogrupper.

Vaksinasjonstilbodet omfattar:

- Årleg vaksine mot **sesonginfluensa**
- Årleg vaksine mot **COVID-19**
- **Pneumokokkvaksine** til dei som fyller 65 år i år.

Risikogrubbene blir definerte av Folkehelseinstituttet (FHI) (sjå under).

Målet med vaksinasjonsprogrammet er å førebyggje sjukdom og dødsfall. Det vil bli sendt påminningar til personar over 65 år som ikkje har nytta seg av vaksinetilbodet

Samvaksinasjon:

Kvinnherad kommune tilbyr samvaksinasjon av influensavaksine, koronavaksine og pneumokokkvaksine i veke 43:

Rosendal:

Samfunnshuset i Rosendal

- 20.10.25 frå klokka 08.30 til 12.00 og 13.00 til 15.00.
- 21.10.25 frå klokka 08.30 til 12.00 og 13.00 til 15.00.

Husnes:

Kulturhuset på Husnes:

- 22.10.25 frå klokka 08.30 til 12.00 og 13.00 til 15.00.
- 23.10.25 frå klokka 08.30 til 12.00 og 13.00 til 15.00.
- 24.10.25 frå klokka 08.30 til 12.00 og 13.00 til 15.00.

Vaksinane kan og setjast hos fastlegen din.

Samvaksining (Influensa, korona og pneumokokk)

På samvaksinasjonsdagene kan du ta både influensavaksine, koronavaksine og pneumokkvaksine viss du er i målgruppa for dei ulike vaksinene (sjå målgrupper).

Dersom alle tre vaksinene blir sette samstundes, blir det tilrådd å setje korona- og pneumokkvaksinen i kvar si arm.

Barn og unge i risikograppa blir bedne om å ta kontakt med helsestasjonen for å få eigen time til vaksinasjon.

Eigenbetaling

Du betalar ein eigendel når du tar vaksine. Prisane nedanfor gjeld for personar i risikograppa. Om du vel å ta fleire vaksinar samstundes, vert eigendel lågare (sjå tabell).

| Vaksinar som du får tilbod om | Eigendel dersom alle vaksinar blir sette samstundes | Eigendel dersom vaksinar blir sette på ulike tidspunkt |
|-------------------------------------|---|--|
| Sesonginfluensa + pneumokokksjukdom | 301 kr (influensa) + 85 kr (pneumokokk) = 386 kr | 301 kr +110 kr = 411 kr |
| Covid-19 + pneumokokksjukdom | 85 kr (covid) + 85 kr (pneumokokk) = 170 kr | 110 kr + 110 kr = 220 kr |
| | | |

| | | |
|---|--|--|
| Sesonginfluensa + covid- 19 + pneumokokksjukdom | 301 kr + 85 kr + 85 kr = 471kr | 301 kr +110 kr + 110 kr = 521 kr |
|---|--|--|

Merk at personar som er fødde før 1960 må betale full pris for pneumokkvaksine (kr 900), sidan dei ikkje er omfatta av finansieringsordninga i vaksinasjonsprogrammet for vaksne.

Kven bør ta influensavaksine`

Influensavaksine blir spesielt tilrådd for:

- Alle frå og med det året dei fyller 65 år
- Bebuarar i sjukeheimar og omsorgsbustader
- Gravide etter veke 12 i svangerskapet (2. og 3. trimester), og gravide i 1. trimester som har annan helserisiko
- Prematurt fødde barn, særleg dei som er fødde før veke 32 i svangerskapet, frå dei er 6 månader til 5 år
- Barn og vaksne med:
 - kronisk lungesjukdom (inkludert astma)
 - hjarte- og karsjukdom (med unntak av godt regulert høgt blodtrykk)
 - diabetes type 1 og 2
 - leversvikt eller nyresvikt
 - kronisk nevrologisk sjukdom eller skade, særleg ved redusert lungekapasitet og/eller svekt hostekraft
 - nedsett immunforsvar som følgje av sjukdom eller behandling (til dømes ved organtransplantasjon, kreft, HIV, reumatoid artritt eller liknande tilstandar)
 - svært alvorleg fedme (KMI over 40)
 - annan alvorleg og/eller kronisk sjukdom der influensa kan gi alvorlege komplikasjonar

I tillegg blir vaksinen tilrådd for:

- Helsepersonell og andre tilsette i helse- og omsorgstenesta som har nær kontakt med pasientar

- Personar som bur saman med, eller er i nær kontakt med, personar med sterkt svekt immunforsvar
- Svinerøktarar og andre som har regelmessig kontakt med levande grisar

Kvifor bør eg ta influensavaksine?

- Influensa er ein alvorleg sjukdom som kan føre til lungebetennelse, forverring av kroniske grunnsjukdomar og varig svekt helse. For personar i risikogruppene kan influensa gi alvorlege komplikasjonar.
- Influensavaksine reduserer risikoen for desse komplikasjonane, og kan bidra til å førebyggje alvorleg sjukdom, sjukehusinnlegging og i verste fall død.
- Vaksinasjon er spesielt viktig for deg som har auka risiko for komplikasjonar, eller som er i nær kontakt med sårbare personar.

For meir informasjon om influensavaksine, sjå FHI sin nettstad om influensavaksine

Kven bør ta koronavaksine?

Folkehelseinstituttet tilrår ei oppfriskingsdose for følgjande grupper:

- Personar **75 år og eldre**
- Bebuarar i **omsorgsbustader og sjukeheimar**
- Personar i alderen **18–74 år** som høyrer til ei **risikogruppe**
- Ungdom **12–17 år** med alvorleg grunnsjukdom
- Barn frå **6 månader til 11 år** med alvorleg grunnsjukdom, etter individuell vurdering av behandlande lege
- Personar som bur saman med (eller er tilsvarande nære) **immunsupprimerte**

Merk: Dersom du er under 65 år og ikkje sjølv er i ei risikogruppe, men bur saman med ein person med svekt immunforsvar, **må du betale full pris** for vaksine og vaksinerings. Du er då ikkje omfatta av vaksinasjonsprogrammet

Tilbod til andre grupper

- **Personar mellom 65 og 74 år** som ikkje er i risikogruppe kan få vaksine gjennom vaksinasjonsprogrammet, til same eigenandel som risikogruppene.
- **Gravide utan underliggende sjukdom** blir ikkje lenger rekna som ei risikogruppe for alvorleg koronasykdom.
- **Gravide med underliggende sjukdom** blir framleis tilrådde oppfriskingsdose og er inkludert i gruppa «18–74 år i risikogruppe».

Vaksinasjon av barn og unge under 18 år

- Folkehelseinstituttet vurderer at det ikkje er grunnlag for å tilrå grunnvaksinasjon til barn og unge under 18 år utan underliggende sjukdom. Dei får svært sjeldan alvorleg koronasykdom, men enkelte kan trenge sjukehusbehandling.
- Vaksinasjon kan vere aktuelt for barn og unge med alvorleg grunnsjukdom. Barn i alderen 6 månadar–4 år og 5–11 år får egne barsedosar.
- For timebestilling for barn: Ta kontakt med din faste helsesjukepleiar
- Barn som har fylt 16 år kan gj samtykke til vaksinasjon sjølve
- For barn under 16 år, krevst samtykke frå føresette. Ved felles foreldreansvar må begge føresette samtykke.

Helsepersonell

- Folkehelseinstituttet vurderer at det ikkje er grunnlag for å gi ei eiga tilråding om ny oppfriskingsdose til helsepersonell generelt. Helsepersonell som sjølv høyrer til ei risikogruppe, blir derimot tilrådde vaksinasjon.

Pneumokokkvaksine:

Folkehelseinstituttet tilrår pneumokokkvaksine til eldre over 65 år og personar med immunsvikt eller kroniske sjukdomar.

Pneumokokkar er bakteriar som kan føre til sjukdommar som lungebetennelse, øyrebetennelse og bihulebetennelse, men dei kan òg gi meir alvorlege infeksjonar som blodforgifting (sepsis) og hjernehinnebetennelse (meningitt).

Bakterien finst naturleg i nase og svelg hos mange friske personar. Smitte skjer vanlegvis gjennom nærdrøppesmitte, som ved hosting eller nysing. Dei fleste blir ikkje sjuke, men enkelte personar har høgare risiko for å utvikle alvorleg pneumokokksjukdom dersom dei blir smitta. Det finst mange ulike typar pneumokokkbakteriar, og nokre av dei gir oftare sjukdom enn andre.

Kven bør ta pneumokkvaksine?

- Alle personar over 65 år
- Personar med sjukdom som gir svekt immunforsvar, eller som brukar medisinar som svekkar immunforsvaret
- Personar med kroniske sjukdomar og enkelte andre tilstandar som aukar risikoen for alvorleg pneumokokksjukdom
→ Snakk med fastlegen din dersom du er usikker på om du er i ei risikogruppe
- Personar med auka smitterisiko gjennom arbeid, til dømes:
 - Laboratoriepersonell

- Personar som blir eksponerte for sveisarøyk

Tilbod om pneumokkvaksine til deg som er fødd i 1960

I tråd med vaksinasjonsprogrammet for vaksne får alle som er fødd i 1960 tilbod om pneumokkvaksine til redusert pris. Vaksinen som blir brukt, er Prevenar 20, og kostar kr 110 dersom ho blir sett åleine. Om ho vert sett samstundes med andre vaksiner (samvaksinasjon, kostar ho **kr 85**. Sjå tabell.

Dei som ynskjer pneumokkvaksine og som er fødd **før 1960** må betale full pris for vaksinen, **900 kroner**. Det er per i dag ikkje anbefala påfyllingsdosar seinare.

Du får òg tilbod om influensavaksine og koronavaksine samstundes med pneumokkvaksinen. Det vert gjeve prisreduksjon ved samvaksinasjon, sjå tabell.